



Referat frå møte i Fylkesberedskapsrådet 14.-15. juni 2023

Deltakarar: Avinor, Bane NOR, Bergen brannvesen, Bergen hamn AS, Bergen kommune, BKK AS, Helse Bergen, Helse Fonna, Helse Førde, Helse Vest RHF, Hordaland Røde Kors, HV-09, HV-11, Kyrkja v/Bjørgvin Bispedømme, Kystverket, Linja AS, Mattilsynet – region sør og vest, Meteorologisk Institutt, Vêrvarslinga på Vestlandet, NAV Vestland, NHO Vestland, NRK Vestland, NVE region vest, PST Vest politidistrikt, Vest politidistrikt, Redningsselskapet, Sjøforsvaret, Sogn og Fjordane Røde Kors, Sogn og Fjordane sivilforsvarsdistrikt, Statens Kartverk, Statens vegvesen, Statsforvaltaren i Vestland, Telenor, Sør-Vest politidistrikt og Vestland fylkeskommune

Gjestedeltakarar: Leiar for Totalberedskapskommisjonen, Equinor og Kinn kommune

Onsdag 14. juni

Velkommen og innleiing v/Liv Signe Navarsete, statsforvaltar

Vi er framleis i ein krevjande tid og beredskap kjem til å vere høgt prioritert òg i tida som kjem. Med dei problemstillingane vi no står ovanfor vil sivilt-militært samarbeid vere veldig viktig.

Den utfordrande energisituasjonen i Europa som følgje av krigen i Ukraina viser at olje- og gasssektoren er særleg utsett. Vi har fleire sentrale installasjonar i fylket som det er viktig at beredskapsaktørane kjenner til.

Det vil vere eit stort behov for samordning, samarbeid og det å få systema våre til å fungere saman. Involvering av kommunane i dette arbeidet vil vere avgjerande for å lukkast.

Det vert elles viktig og spennande å følgje tett med på korleis konklusjonane til totalberedskapskommisjonen og forsvarskommisjonen vert følgde opp i tida som kjem.

Beredskap i Vestland i 2023 v/Haavard Stensvand, fylkesberedskapssjef

Krigen i Ukraina har ført til ei stor endring i kvardagen, frå pandemihandtering til veldig stor merksemd på konsekvensane av den tryggleikspolitiske situasjonen.

Handtering av flyktingar

Det er framleis ei stor tilstrøyming av flyktingar til Noreg, særleg frå Ukraina. Handtering av dette vil vere gi utfordringar framover. Det gir eit auka press på mange aktørar, som til dømes politiet, UDI, IMDi og kommunane. Vi høyrer og frå fleire hald at flyktingane som kjem no har med seg ein tyngre «bagasje» fordi dei har levd lengre i eit krigsråka land. Det vil det krevjande å sikre gode nok helsetenester til alle.

Statsforvaltaren fått i oppdrag å planlegge for ei tilstrøyming som overstig kapasiteten i det eksisterande systemet. Som ein del av oppdraget skal vi kartlegge innkvarteringskapasitet og bustadreservar som ikkje vert nytta i dag, og planlegge beredskap for å gi tak over hovudet og forpleiing.



Statsforvaltaren har også, i samarbeid med andre aktørar i rådet, fått i oppdrag å koordinere ei masseevakuering til Noreg på medisinsk grunnlag. Første del av arbeidet er per dags dato i ferd med å verte ferdigstilt.

Fjellskred

Vi har jobba mykje med beredskapssystem for dei tre høgrisikoobjekta i fylket (to i Aurland og eitt i Eidfjord). Det siste året har objektplanen for skredet frå Tussafoten i Øvre-Eidfjord hatt særleg merksemd. Det har også blitt starta ein prosess med kommunane langs Hardangerfjorden, for å følge opp to periodevis overvaka objekt i Ullensvang. Det har m.a. vore nødvendig for at det skal vere mogleg å kunne dispensere frå byggeforbodet langs Sørfjorden, som kom på grunn av risikoen for flodbølgje utløyst av skred.

CBRNE

Statsforvaltaren arrangerte i fjor haust ein fagdag om CBRNE i Bergen og planlegg ei tilsvarende i Førde 1. november. Ein konklusjon frå samlinga i fjor er at det er behov for meir kunnskap og trening, ikkje minst utanfor Bergensområdet.

Oppfølging av kommunane

Vi har heldt fram med kommunemøta som vart etablert under pandemien, og oppmodar rådet til å nytta møta som arena for å nå fram til kommunane.

I starten av mai gjennomførte vi ei øving for 17 kommunar, for første gong med totalforsvaret som øvingstema. Det var deltaking frå fleire aktørar i rådet (*politiet, sivilforsvaret, heimevernet og Bergen kommune*), i øvingsstaben og ute i fleire av kommunane. Øvinga vart godt motteke, og tilbakemeldinga frå kommunane var at dei opplevde den som relevant. I tilbakemeldingane trekte kommunane særleg fram at dei sette stor pris på lokal deltaking frå politi, heimevern og sivilforsvaret. Vi trur øvinga var eit lite bidrag til å få i gang arbeidet med totalforsvaret ute i kommunane, og var med på å styrke samarbeidet mellom aktørane på lokalt nivå.

Straumrasjoner

I april sendte vi ut prioriteringslistene for straum til nettselskapa. Vi har gjort eit omfattande arbeid med innhenting av informasjon om sluttbrukarar frå kommunane og aktørane i fylkesberedskapsrådet. Det er framleis behov for jobbe vidare med listene. Vi ventar på at det nasjonale arbeidet med revisjon av kraftrasjoneringsforskrifta skal verte ferdig.

Direktorat for samfunnstryggleik og beredskap (DSB) har prioritert basestasjonar for Nødnett i tilfelle straumutfall/kraftrasjoner. Dei har vore i dialog med sentrale brukarar av nettet. Statsforvaltaren kan hjelpe medlemene i rådet med å kome i dialog med DSB viss det er spørsmål om denne prosessen.

Felles tiltakskort ved varsel om uvêr og naturfare

Statsforvaltaren har ved mange høve diskutert med ulike aktørar kva vi eigentleg ventar av oppfølging når vi vidareformidlar varsel om naturfare eller alvorlege meteorologiske hendingar. I samarbeid med ei referansegruppe har vi laga eit til felles tiltakskort med forslag til tiltak og oppfølging.

Hovudmålgruppa er kommunane, men vi har også prøvd å vere tydelege på kva dei kan vente at både Statsforvaltaren og andre aktørar gjer ved ulike varsel. Dette er tenkt som eit supplement, og ikkje som ei erstatning for interne tiltakskort.



Oppdatering om skogbrannfaren i Vestland v/Janicke Larsen, Bergen brannvesen

Med mindre det kjem nedbør framover, er det stort sannsyn for fleire skogbrannar i Vestland. Det har vore fleire skogbrannar i Vest branndistrikt dei siste dagane, og akkurat no brenn det i Samnanger. Fleire kommunar har, eller planlegg, å utvide det eksisterande forbodet mot open eld. Det varme og tørre veret gjer at ho frykter ein ny sesong som i 2018.

Risiko rundt olje- og gassanlegg i Vestland v/Bernhard Eriksen, Equinor

Det har vore eit enorm energitap i Europa etter utbrotet av den fullskala krigen i Ukraina og stopp i importen av russisk gass. Det har gjort norsk gassseksport endå mykje viktigare. Sjølv om eksporten frå Noreg har auka sterkt, er ikkje volumet stort nok til å dekke bortfallet av den russiske gassen. Mesteparten av norsk gass vert eksportert til EU og Storbritannia.

Det er mange avhengigheiter og kompliserte verdikjeder som må fungere saman for å gjøre leveransane til Europa nøyaktige og føreseielege. Det gjeld mellom anna kopling mellom plattformer, landanlegg og nettverket av undersjøiske rør. Verdikjeda er ikkje sterkare enn det svakaste leddet.

Olje- og gassinstallasjonar er utsett for overvaking og kartlegging. Det er difor viktig med auka merksemd på installasjonane og infrastrukturen både til sjøs og på land. Tett samarbeid og samhandling mellom relevante aktørar bidreg til å ivareta tryggleiken rundt produksjonen.

Equinor opplever dialogen med samarbeidsaktørar som svært god, men kunne gjerne tenkt seg endå tettare dialog med enkelte av vertskommunane for landanlegga.

Diskusjon

Bergen kommune etterspurde kontaktinformasjon til bruk ved eventuelle hendingar. Statsforvaltaren vil følgje opp dette med Equinor, og syte for å formidle relevant kontaktinformasjon til begge partar.

Statsforvaltaren ser elles at den auka viktigheten av norsk olje og gass i lys av den tryggleikspolitiske situasjonen aukar behovet for å diskutere dette vidare i fylkesberedskapsrådet. Det er m.a. aktuelt å vurdere om Equinor eller ein annan aktør i petroleumsnæringa bør ha ein plass i rådet.

Oppfølging av kritiske vegstrekningar i Vestland v/Nils Magne Slinde, Statens vegvesen

Statens vegvesen (SVV) arbeider med å avdekke risiko og sårbarheter i riksvegnettet. Trafikkmengd og manglande høve til eigna omkjøring kan gjøre ein del punkt på vegnettet meir sårbart. Nokre vegstrekningar er òg viktigare enn andre med tanke på å fram varer og tenester. Dei bør difor prioriterast å halde opne ved uønskte hendingar.

Nasjonal ROS-analyse for riksvegnettet

SVV har i instruks av 17. desember fått i oppdrag å lage ein nasjonal risiko- og sårbarheitsanalyse (Riks ROS) for riksvegnettet. Dette analysen kan gi føringar for risikoreduserande tiltak.

Riks-ROS skal:

- Gje oversikt over risiko og sårbarheit på riksvegane (inkludert konsekvensar av klimaendringar)
- Skildra stengeleinkjer/strekningar
- Skal òg omfatte risikovurdering av omkjøringsrute på riksveg
- Kunne gje viktig grunnlag for prioriteringar av større og mindre tiltak
- Gje føringar for utarbeid av trafikkberedskapsplanar



SVV vil starte opp arbeidet med Riks ROS over sommaren, med plan om å ferdigstille arbeidet i 2024.

Diskusjon

Det er ikkje heilt klart korleis SVV ser for seg å involvere eksterne aktørar i analyseprosessen. Fleire aktørar i rådet ønskte å bli involvert i prosessen, og vi ber difor SVV om å avklare korleis dette kan bli gjort på ei god måte. Statsforvaltaren kan bidra til å etablere felles møtearenaer viss det er ønskeleg.

Parallelt med dette arbeidet var det samde i råde om at det er behov for eit eige møte for å diskutere særleg kritiske vegstrekningar i Vestland ut i frå eit totalforsvarsbehov. Sentrale spørsmål her vil vere kva som skal til for å redusere sårbarheita på dei kritiske punkt, og kven som i så fall bør ha ansvaret for dette. Statsforvaltaren vil følgje opp dette og invitere relevante aktørar i rådet til eit eige møte om dette over sommaren.

Nasjonalt varslingssystem – bruk på regionalt og lokalt nivå?

Nødvarsel er no på plass som eit nasjonalt befolkningsvarslingssystem. Systemet gjer det mogleg å sende varsel om fare til mobiltelefonar i hele landet i løpet av få sekundar. Prosessen med å etablere både det tekniske systemet og rutinane for bruken av det, har gått veldig fort. Det er difor ein del uklarheter om korleis varslingssystemet er tenkt nytta på regionalt og lokalt nivå – og særleg kva type varsel systemet kan nyttast til.

Innleiing om varslingssystemet v/Stein Morten Rønningen, Sivilforsvaret

Det nye nødvarslingssystemet verkar, og er eit svært viktig supplement til bruken av tyfonanlegga. Dei er det ikkje så mange av, og det er såleis avgrensa kor mange dei når.

På regionalt og lokalt nivå er det politiet som i fredstid vil vere ansvarleg for å varsle via Nødvarsel. På same måte som for tyfonanlegga, vil Sivilforsvaret ha høve til å varsle via systemet ved krig eller fare for det.

Korleis ser politiet for seg å nytte systemet v/Gustav Landro, Vest politidistrikt

Føremålet er å:

- Få på plass eit føremålstenleg og moderne varslingssystem for ekstraordinære hendingar i fred, krise, væpna konflikt eller krig.
- Gi ei rask og presis varsling til befolkninga nasjonalt, distriktsvis eller lokalt.

Politidirektoratet har ansvaret for å sende ut nasjonalt naudvarsel ved hendingar som truar heile eller store deler av befolkninga. Ved regionale og lokale hendingar som truar befolkninga, har politidistriktet ansvar for å sende ut varsel distriktsvis eller lokalt.

Politiets kan sende varsel på vegner av andre aktørar som t.d. kommunane, men då må konkrete kriterium vere oppfylt. DSB har sendt ut eit informasjonsbrev til kommunane som omtalar dette, og det må konkretiserast kva terskelen vil vere i praksis. Eit grunnleggjande kriterium er at systemet kan nyttast der befolkninga må varslast raskt og effektivt, for å førebygge og avgrense eit negativt utfall av ei ekstrem hending.

Behovet til kommunane v/Rune Bratland, Bergen kommune

Har vore i dialog med nokre nabokommunar og storbynettverket for beredskap, og opplever at systemet vert teke godt i mot. I kombinasjon med matrikkelbasert varsling og andre kommunikasjonskanalar, vil det vere vil vere tilstrekkeleg. Per i dag har difor Bergen kommune ikkje eit system for lokasjonsbasert SMS-varsling. Dei veit at fleire andre storbyar òg har avvikla sine abonnement. Ikkje alle kommunar ser likt på dette, og fleire ser behov for lokasjonsbasert SMS-varsling i tillegg.



Kommunen vil uansett ha eit viktig ansvar for informasjon til sårbare og utsette grupper, og framandspråklege personar som kanskje ikkje vil få med seg varsel som vert sendt ut gjennom det nye varslingsssystemet.

Diskusjon

Statsforvaltaren har vore i dialog med DSB og bedt dei gjennomføre ein gap-analyse for å sjå på eventuelle varslingsbehov som ligg mellom Nødvarsel og matrikkelbasert varseling i kombinasjon med andre tradisjonelle kommunikasjonsplattformar (t.d. heimesider, media og sosiale medium). Dette i lys av at Datatilsynet meiner at kommunane ikkje har mynde til å sende ut varsel på eiga hand.

Bergen kommune er samd med politiet om at det er viktig å ha ein høg terskel for å nytte Nødvarsel, men understrekar samstundes at det kan vere nokre gråsonar. Kommunen har tidlegare sendt ut varsel på vegner av politiet via sitt lokasjonsbaserte varslingsssystem. Dei legg no til grunn at politiet vil kunne stå for slike varsel sjølv.

NRK understreka at det er viktig å nytte redaktørstyrte media aktivt ved uønskte hendingar. Det vil vere ein viktig kanal for å få ut informasjon til store delar av befolkninga. Jamlege og planlagde pressebrifar er eit godt tiltak for å ta bort presset frå media under handtering av ei hending, og få ut god informasjon.

Vest politidistrikt vil delta i kommunemøte 22. juni og orientere om status så langt og korleis dei per i dag ser for seg å nytte systemet.

Korleis arbeider vi vidare med funna i FylkesROS? v/Haavard Stensvand

Vi nærmar oss å ferdig stille FylkesROS Vestland. Vi vil på nytt takke for dei gode innspela vi fekk i samband med høyingsrunden i fjor haust.

I tråd med instruks og rettleiar skal det òg utarbeidast ein plan for oppfølging av analysen. Planen er meint å vere ein felles oppfølgingsplan for rådet. Det er difor viktig at de alle ser igjennom og gir tilbakemeldingar viss det er noko de meiner bør endrast eller leggjast til. Vi ser for oss å ta planen opp i dei faste årlege møta i rådet, for å diskutere status og eventuell revisjon av planen.

Planen er sendt ut på høyring til rådet med frist fredag 30. juni og vi ber om at de i tilbakemeldinga kjem med innspel på om:

- Tiltaka er gode og vil kunne bøte på den avdekte risikoen og sårbarheita?
- Det er behov for å spisse tiltaka meir?
- Ansvarsfordelinga; er rette aktørar ført opp som ansvarlege for tiltaka. Bør eiga verksemد ta på seg eit hovudansvar i oppfølginga?
- Er det andre tiltak som planen bør supplerast med?



Onsdag 15. juni

Vidareutvikling av totalforsvaret i Noreg – tilrådingar frå forsvars- og totalberedskapskommisjonen

Tilrådingar frå forsvarskommisjonen av 2021 v/Liv Signe Navarsete, stasforvaltar og medlem i forsvarskommisjonen

Forsvarskommisjonen av 2021 er den fjerde kommisjonen etter andre verdskrig. Det er viktig at vi i fellesskap diskuterer korleis vi kan få til eit godt ordskifte og saman sikre at vi held merksemda rundt dette tema oppe. Erfaringane frå kommisjonsarbeidet er at ordskiftet i andre land har vore prega av eit større alvor enn i Noreg. Vi må vere inneforstått med at vi er i ein ny situasjon, og at vi ikkje vil kome tilbake til dit vi var.

Kommisjonen trekk særskilt fram at det er behov for:

- Eit breitt forsvarsforlik i Noreg
- Nye krav til styring, leiing og ressursbruk
- Stryking av forsvarets eigen evne
- Styrking av sivilt-militært samarbeid og totalforsvaret
- Stryking av alliansar og internasjonalt samarbeid

[De kan lese NOU 2023:14 Forsvarskommisjonen av 2021 – forsvar for fred og frihet her.](#)

Tilrådingar frå totalberedskapskommisjonen v/Harald Sunde, kommisjonsleiar

Totalberedskap er ikkje definert som omgrep. Totalberedskap omfattar heile samfunnstryggleikspekteret frå den enkelte sin eigenberedskap til korleis ein skal ivareta sivilbefolkinga ved krig.

Mandatet til kommisjonen var å samle saman og kartlegge dagens situasjon og peike framover for korleis vi bør ruste beredskap i framtida.

Vi er inne i ein ny tid, der vi er meir utsett for fordekte og skjulte etterretnings og påverkingsaksjonar som i sum kan skade oss. Beredskapen må byggjast nedanfrå og opp; frå befolkning sin eigenberedskap til lokalt-, regionalt- og nasjonalt nivå.

Krigsscenario var dimensjonerande under den kalde krigen. Krig er fjernt frå dagens perspektiv og vi har t.d. vant oss til forsyning av billige utanlandske varer. Avhengigkeit til andre land har gjort oss meir sårbare.

Det er fire faktorar som utfordrar og som er viktig for å kjenne våre sårbarheiter; stormaktsrivalisering, teknologisk utvikling, klimaendringar og demografiske endringar.

I vurderinga av beredskapsarbeidet i Noreg i dag er det positivt at vi har ein god grunnberedskap, mykje bra arenaer for samvirke, eit modernisert totalforsvar, tillit til samfunnet og rettsstaten og ein aktiv frivilligheit. På minussida er det ei oppstykka styring, næringslivet er i for lite grad kopla på beredskapsarbeidet, det er sterke forvaltnings «siloar» som gjer samarbeid på tvers av sektorar utfordrande og det er ei svak «føre var»-tenking.

[De kan lese NOU 2023:17 Nå er det alvor – Rustet for en usikker framtid her.](#)

Vidareutvikling av regionalt og lokalt totalforsvarsarbeid i Vestland v/Haavard Stensvand

For Statsforvaltaren vil det vere naturleg å ha særleg merksemd på det kommuneretta arbeidet i tida framover, fordi kommunane utgjer ein veldig viktig del av grunnberedskapen i totalforsvaret. Mange av dei sju grunnleggande forventningane som NATO har til



medlemslanda treff kommunane. Skulle ønskt at kommisjonen hadde vert noko meir konkret i sine råd om utviklinga av rolla til kommunane i totalforsvaret.

I det vidare arbeidet med totalforsvaret i Vestland er det viktig at vi får eit samla bilet av mellom anna:

- Kva oppdrag dei ulike aktørane har fått knytt til utviklinga av totalforsvaret?
- Kva behov har Forsvaret for sivil støtte?
- Korleis skal vi samla bidra med å formidle det endra trusselbiletet til publikum?
- Korleis arbeider vi vidare med tiltak for å verne sivilbefolkninga?
- Korleis kan vi bidra til å få til ei tettare kopling opp mot ressursar i næringslivet i beredskap og krisehandtering, til dømes knytt til forsyningstryggleik?
- Korleis bør vi øve, og kva scenario bør vi øve på for å bli best mogleg rusta til å handtere hendingar i heile krisespekteret?

Diskusjon i rådet

Kinn kommune trakk fram at beredskap er kunnskapsbygging som skjer over tid. Erfaringane frå tidlegare hendingar viser at det er utfordrande å sikre at informasjonen møter forventingane som folk har. Det er òg ei utfordring med tendensen til mindre deltaking i frivilligheita enn tidlegare.

Sivilforsvaret har ei viktig rolle i skjerming av sivilbefolkninga gjennom ansvar for varsling, skjerming og evakuering i øvre del av krisespekteret. Dei ser at det er viktig med eit godt samspel med befolkninga. Sivilforsvaret ser at det er viktig å gi ungdom ei innføring i eigenberedskap slik at dei får med seg beredskapstankegangen frå ei tideleg alder.

Opne og frie redaksjonsstyrte medium, med stor tillit hjå befolkninga, er viktig i eit beredskapsperspektiv. NRK har til dømes justert eigen aktivitet. For å bidra med truverdig informasjon har dei har tatt ned aktiviteten på sosiale medium og flytta over til eigne løysingar med spørsmål/svar-funksjon.

Det er eit uforløyst potensiale i privat-offentleg samarbeid. Her er det viktig med dialog, og løfte problemstillingar på tvers. Forsvarets samarbeid med næringslivet er ikkje noko nytt, og det vil ikkje vere mogleg å styrke Forsvaret utan å involvere næringslivet.

Det er behov for at Forsvaret og sivilsamfunnet i fellesskap ser på mekanismar for prioritering og mobilisering av sivile ressursar for å møte behovet til Forsvaret. Det er i dag ikkje eit system for å prioritere på regionalt nivå, ut over frivillig samarbeid. Det er i stor grad uklart kva personellressursar som Forsvaret og Sivilforsvaret vil trekke ut av det sivile samfunnet når vi kjem til den øvre delen av krisespekteret. Statsforvaltaren vil følgje opp denne problemstillinga med Forsvaret og Sivilforsvaret.

Bergen kommune trekte fram at det er positivt at Statsforvaltaren gjennomfører jamlege beredskapsmøter for kommunane, der relevante regionale og statlege aktørar deltek med orienteringar. Kommunen etterlyser tydlege føringar for kva det er venta at kommunane i øvre delen av krisespekteret.

Vest politidistrikt understrekar at kommisjonsrapportane berre er ei tilråding, og at vi no må vente på den politiske behandlinga. Aktørane har i dag fått ulik grad av oppdrag knytt til utviklinga av totalforsvaret. Det er viktig at fylkesberedskapsrådet bidreg til gode prosessar for oppfølginga i fellesskap.



Statsforvaltaren har kalla inn til møte i rådet i samband med HV-09 si øving Bjørgvin i september, der problemstillingar knytt til totalforsvaret vil bli drøfta vidare.

Sivil transportberedskap v/Sondre Lekve Bjelle, fylkeskommunen

Fylkeskommunen har ansvar for å sikre og legge til rette for nødvendig og regional tilpassa sivil transportberedskap i fylket, jf. forskrift om sivil transportberedskap. Det skal skje gjennom samarbeid med Statsforvaltar, Politi, transportnæringa og andre sivile og militære styresmakter.

Utfordringar med arbeidet:

- Fylkeskommunen har ikkje lengre oversikt over løyvehavarar for godstransport og verkstadar
- Samferdsledepartementet har ikkje gitt retningslinjer for utarbeiding av ROS-analyse eller innsikt i ROS-analyse på nasjonalt nivå.

Fylkeskommunen sitt vidare arbeid med sivil transportberedskap:

- Skal lage ein beredskapsanalyse i samarbeid med relevante aktørar for utvalde risikoområde.
- Behov for innsikt i aktørane sine transportbehov.
- Transportberedskap i øvre del av krisespekteret.
- Korleis skal det operative transportberedskapsarbeidet vere organisert (ansvar og rolle)?

Det er avgjerande å kople på sentrale beredskapsaktørar i fylket i prosessen, og det vil òg vere eit behov for samvirke for prioriteringar. Fylkeskommunen vil òg ha behov for oversyn over kva køyretøy og personell som vil kunne bli rekvisert av Forsvaret og Sivilforsvaret i øvre del av krisespekteret.

Det vert bestemt at ein venter til etter øving «Bjørgvin» før ein bestemmer seg for korleis ein vil følgje opp problemstillinga.

Flytting av godshamna i Bergen v/Michal Forland, Bergen Hamn AS

Bergen hamn er eit interkommunalt føretak eigd av sju kommunar. Dei har kommersiell verksemد, t.d. knytt til anløp av cruiseskip, offshoreskip, ferjer og passasjerbåtar. Bergen hamn forvaltar eit samfunnsansvar gjennom til farvatnforvaltning, beredskapshamn, godstrafikk og fritidsbåtar.

Det er bestemt at dagens godshamn på Dokken skal flyttast ut frå sentrum, og verksemda skal relokaliseraast på Ågotnes i Øygarden, og Flesland og Skolten i Bergen.

Bergen hamn er éi av tre beredskapshamner i Noreg, og ei flytting av hamna vil kunne få konsekvensar for beredskapen i fylket. Flyttinga omfattar mellom anna nedbygging av ro-ro rampar og konsekvensar for tilknyting til jernbaneinfrastrukturen.

Bergen hamn ønskjer dialog med relevante beredskapsaktørar for å diskutere eventuelle avbøtande tiltak.

Statsforvaltaren vil kalle inn relevante aktørar til eit eige møte for å diskutere problemstillinga.

Etablering av beredskapsgruppe v/Gudmund Waaler, Bjørgvin bispedøme

Bjørgvin bispedøme har starta opp eit arbeid med å etablere ei ny beredskapsgruppe. Føremålet er å trena eit tal prester/diakonar, slik at dei vil utgjere eit godt drilla og fagleg sterkt lag som kan støtte kommunar og andre aktørar ved større uønskte hendingar.

**Avslutning og oppsummering v/Gunnar Hæreid, assisterande statsforvaltar**

Vi har fått framlegg med tilrådingane frå to viktige kommisjonar for det vidare arbeidet med beredskap. Det vert opplevd som om eit større alvor har kome inn over Stortinget, og at vi såleis kan ha tru på at mange av tilrådingane vert følgt opp. No er det viktig at fylkesberedskapsrådet og andre beredskapsaktørar nyttar høve til å kome med innspel i høyringsrunden, slik at Stortinget får eit godt avgjerdsgrunnlag.

[Meir informasjon om høyringsrunden knytt til NOU 2023:14 – forsvarskommisjonen av 2021 – Forsvar for fred og frihet kan de lese her \(frist 17. august\).](#)

[Meir informasjon om høyringsrunden knytt til NOU 2023:17 Nå er det alvor - Totalberedskapskommisjonen kan de lese her \(frist 16. oktober\).](#)

Vi vil halde fram med å nytte fylkesberedskapsrådet aktivt ved uønskte hendingar, og gjer ei fortløpande vurdering av omfanget av aktørar som vert kalla inn. Rådet vil truleg berre bli meir viktig i tida som kjem. Vi vil halde fram med faste årlege fysiske møte i tillegg. Vi oppmodar deltakarane om å kome med innspel til tema for møta.

Neste møtet i rådet vert 13. september i samband med øving «Bjørgvin».

Vi planlegg kommunesamling i slutten av oktober. Som vanleg er rådet invitert med. Vi vil kome tilbake med meir informasjon om samlinga.